



Kommunal- og Regionaldepartementet

13.12.2007

Vår ref
GDV 07/1889 - 2

Dykkar ref

Arkiv
033,

Løpnummer
07/5822

**FRAMLEGG TIL ENDRINGAR I KOMMUNELOVA OG FORVALTNINGSLOVA
HØYRINGSFRÅSEGN FRÅ JØLSTER KOMMUNE**

Jølster kommunestyre har i møte 11.12.07, K-sak 79/07, handsama framlegg til endringar i Kommunelova (KL) og Forvaltningslova (FvL) "om rolleklarhet mv. i kommunesektoren". Kommunestyret slutta seg samrøystes til vurderingane i saksutgreiinga frå rådmannen, og gav ordføraren fullmakt til å gjere ferdig fråsegna på grunnlag av drøftingane i formannskapet og kommunestyret.

Høyringsfråsegna frå Jølster kommune er dermed følgjande:

Jølster kommune meiner det vil vere altfor omfattande og heller ikkje naudsynt for politiske organ i Jølster å ha ei meining om alle delane av høyringsnotatet. Jølster kommune ser det slik at KRD sine framlegg i all hovudsak presiserer dei retningslinene som i dag vert praktiserte i kommunane i Noreg, og at det såleis er greitt å slutte seg til hovudtrekka i høyringsnotatet.

Det er likevel tre hovudpunkt som Jølster kommune har sett nærare på:

- **Etikkdimensjonen i kommunelova**
- **Habilitet for leiarar og styremedlemmer i offentleg eigde selskap**
- **Valgbarhet for ordførarar og varaordførarar**

Jølster kommune støttar tankane om å understreke etikkdimensjonen i kommunelova noko tydelegare. Etske spørsmål har som hovudregel ikkje vore noko stort problemområde i kommunane. Kommunane sjølve har i seinare år teke opp arbeid med etiske retningslinjer for tilsette og / eller politiske organ. Dei generelle krava i Kommunelova og Forvaltningslova gir dessutan sterke føringar for både administrasjon og politiske organ, der også etikkdimensjonen direkte og indirekte er tillagd vekt. Likevel bør alle kommunale organ sjå det som ein styrke at etiske spørsmål vert løfta tydelegare fram i lovverket. Delvis vil dette verke med til å forsterke den tilliten som (vonleg) allereie er mellom innbyggjarar / veljarar / brukarar / samarbeidspartar og kommune og delvis vil det medverke til å skape ytterlegare medvit om etikk i den kommunale forvaltninga.

Framlegget om å framheve etikkdimensjonen i formålsparagrafen i KL, og å innføre krav om at "kommunene skal rapportere i årsberetningen for planlagte og gjennomførte tiltak for å sikre høy etisk standard i virksomheten" må derfor sjåast som positive verkemiddel for å forsterke denne sida ved kommunal forvaltning – og for den del burde tilsvarande retningsliner gjerast gjeldande (evt. forsterkast) også for all statleg verksemd og alla anna verksemd som det offentlege samarbeider med.

Telefon:
57 72 61 01
6843 SKEI

Telefaks:
57 72 61 01
postmottak@jolster.kommune.no

Bankgiro, skatt
6345.06.14310

Bankgiro:
3703.07.00024
www.jolster.kommune.no

Organisasjonsnr:
963 923 600

I høyringsnotatet tek KRD spesielt opp spørsmål knytta til habilitet for leiarar og styremedlemmer mv i offentleg eigde selskap og valgbarhet for ordførarar mv. "Departementet foreslår å oppheve unntaket i forvaltningsloven § 6 første ledd bokstav e. Forslaget vil medføre at daglig leder og styremedlemmer blir inhabile når saker som gjelder selskapet skal behandles i folkevalgte organer selv om selskapet er fullt ut eid av stat eller kommune. Departementet ber også om høyringsinstansenes syn på hvorvidt det bør innføres valgbarhetsbegrensninger for ordfører og varaordfører til styret i kommunale selskaper."

Jølster kommune er samd i at det kan vere rett å gjere den endringa som KRD skisserer når det gjeld § 6, 1. ledd e, i FvL. Dette vil fjerne all tvil om ein kommunalt oppnemnt styremedlem i eit selskap er inhabil eller ikkje når saker som gjeld dette selskapet, skal handsamast i kommunale organ.

Somtid kan selskap med kommunale eigarar også ha halvoffentlege eller private eigarar, og da kan det i visse høve oppfatast som uheldige "gråsonetilfelle" slik regelen er i dag. Dessutan er det ofte slik at offentleg eigde aksjeselskap også konkurrerer med andre selskap om sal av tenester til kommunane, og det kan i slike høve vere formelt rett at kommunalt oppnemnde styremedlemmer er inhabile når kommunale organ har slike saker.

Dei praktiske ulempene dette skaper i den kommunale verksemda, vil ikkje vere større enn at dei kan løysast. Til gjengjeld vil ei slik endring kunne medverke til å styrke tilliten til den kommunale handsaminga. Jølster kommune støttar derfor framlegget om å endre habilitetsreglane i FvL.

Jølster kommune kan derimot ikkje støtte tanken om å innføre "valgbarhetsbegrensninger" for ordførarar og varaordførarar. Når kommunen skal velje sine representantar til t.d. styre i interkommunale selskap eller andre selskap / verksemdar som kommunen er medeigar i, bør kommunen stå fritt til å velje den / dei som kommunen sjølv meiner er best skikka til å inneha vervet.

Svært ofte vil det vere behov for tett kontakt og god kommunikasjon mellom kommunen og representanten i det aktuelle styret / representantskapen osv. Det kan også vere naudsynt at vedkommande har svært god kunnskap om kommunen sine strategiar og planar, samstundes som vedkommande sjølv sagt skal identifisere seg med selskapet i samsvar med aksjelova. Om ikkje desse omsyna. I ein skilde høve vil kommunen finne det meir formålstenleg å velje andre representantar, medan det for ein skilde selskap og i visse periodar vil vere mest formålstenleg at kommunen er representert direkte frå den politiske toppleinga.

Dersom intensjonen med eit framlegg om å avgrense valgbarhet for ordførar / varaordførar, er å unngå uheldige koplingar av interesser, er dette allereie regulert eller kan regulerast betre på andre måtar. Selskapet sine interesser er regulerte gjennom aksjelova, og også kommunen sin(e) representant(ar) må følgje denne.

Dersom habilitetsreglane i FvL vert stramma opp slik KRD gjer framlegg om, får ein fjerna grunnlaget for evt. mistanke om særhandsaming av kommunalt eigde selskap under kommunal handsaming av saker som gjeld selskapet. Det skulle såleis ikkje vere naudsynt å nekte kommunane å oppnemne ordføraren til slike selskap, dersom kommunen sjølv meiner at det er rett.

Det kan synast som KRD meiner at slike avgrensingar vil / kan føre til at kommunane vil velje t.d. kommunestyremedlemmer til styrerepresentant ut ifrå personlege kvalifikasjonar / interesser. Dette vil i så fall vere i strid med intensjonar og innarbeidd praksis i det representative demokratiet. Ein kommunestyremedlem representerer folket, ikkje særinteresser.

Dersom særskild fagkompetanse hos ein kommunestyremedlem skal verte eit kriterium for å kunne veljast som kommunal representant i eit selskapsstyre, vil dette reise mange prinsipielle spørsmål.

Skal t.d. el-ingeniøren i kommunestyret veljast som styremedlem i energiverket p.g.a. fagkompetansen, medan ordføraren ikkje kan veljast? Kven skal ein kommune velje dersom ingen i kommunestyret har den aktuelle spesialkompetansen? Vil kommunen i så fall vere nøydd til å velje ein heilt ekstern person som ikkje har noko som helst "kjensle" for den kommunen han / ho er oppnemnd av? Slik kunne ein halde fram med å problematisere, utan at svara ville vere tilfredsstillande for kommunane.

For ein kommune må det vere to hovudprinsipp som vert tillagt vekt ved slike oppnemningar:

- Kven meiner kommunen sjølv er best skikka til å representere kommunen i det aktuelle selskapet?
- Kven meiner kommunen sjølv er best skikka til å ivareta informasjonsutveksling og kommunikasjon mellom den kommunalt oppnemnde representanten og kommunale organ?

Dersom kommunen sjølv meiner at det er ordføraren eller varaordføraren som etter dette bør veljast, da må kommunen ha rett til å gjere dette valet. Dersom kommunen meiner at ein annan person i eller utanfor kommunestyret bør veljast, da må det framleis vere kommunen som gjer valet – men da skjer det på fritt grunnlag etter kommunen sine egne vurderingar, og ikkje av di Kommunelova legg avgrensingar på dei val kommunen skal gjere.

Jølster kommune går altså klårt imot dei skisserte endringane når det gjeld valgbarhet for ordførar og varaordførar.

Med helsing

Gerd Dvergsdal
Gerd Dvergsdal
Ordførar
57726105

Jostein By
Jostein By
Rådmann
57726104

Kopi til:

KS Sogn og Fjordane